



OSTERØY
KOMMUNE

Rett hjelp til rett tid

Samhandlingsmodell



Innleiing:

Osterøy kommune har fått tilskot frå BUFDIR til å utvikle ein samhandlingsmodell for kommunens arbeid med identifikasjon og oppfølging av utsette barn og unge. Denne modellen skal vise korleis kommunen arbeider med dette på kommunenivå, tenestenivå og individnivå.

Modellen er forankra i Osterøy kommune si administrative og politiske leiing, særleg gjennom førebyggjande plan. Arbeidet med modellen er ein del av eit tverrsektorielt utviklingsprosjekt som skal styrke tidleg innsats og oppfølging av utsette barn og unge.

Målet med prosjektet er å styrke Osterøy kommune sitt arbeid med å fange opp barn, unge og gravide som treng hjelp, og kunne gje heilskapleg og god hjelp på tvers av tenester.

Samhandlingsmodellen skal vere ei støtte i kommunen sitt arbeid for å gje best moglege tenester til gravide, barn og unge. Modellen inneheld ein handlingsrettleiarsom viser vegen frå bekymring til handling, og BTI-modellen er integrert som verktøy i dette arbeidet.

BTI står for **b**etre **t**verrfagleg **i**nnsats. BTI er ein handlingsrettleiarsom møter gravide, barn, unge og foreldre. BTI-modellen gjer oversikt over korleis tilsette skal handle når dei opplever undring eller bekymring rundt eit barn.

Kommunenivå

Lovverk og nasjonale styringsdokument

I utforminga av tenester til gravide, barn og unge er det fleire ulike lovverk og styringsdokument kommunen arbeidar etter.

Sentrale lovverk i arbeidet:

- **Kommunelova** – Beskriv korleis kommunen skal organiserast og drivast. Kommunen har ansvar for å tilby tenester som er forsvarlege, samordna og tilpassa innbyggjarane sine behov.
- **Helse- og omsorgstenestelova** – Seier noko om kva helsetenester kommunen skal tilby, som blant anna helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste.
- **Folkehelselova** – Skal sikre førebyggjande helsearbeid og fremje trivsel i lokalsamfunnet.
- **Barnevernslova** – Regulerer kommunen sitt ansvar for å beskytte born som lever i vanskelege situasjonar.
- **Opplæringslova** – Regulerer rettar og plikter knytt til grunnskuleopplæringa.
- **Barnehagelova** – Regulerer rettar og pliktar knytt til barnehagetilbodet.
- **Sosialtenestelova** – Regulerer økonomisk stønad, bustadhjelp og andre sosiale tenester som kan vere viktige for familiar.

Viktige styringsdokument

Dette er styringsdokument som gjer viktige føringar og prinsipp i arbeidet på kommunalt nivå.

- **Barnekonvensjonen** – FN sin barnekonvensjon er ein del av norsk lov og gir born rett til vern, helse, utdanning og medverknad. Kommunen må sikre at born sine behov og rettar vert tekne omsyn til i alle avgjerder.
- **Folkehelsemeldinga** – Viser korleis folkehelsearbeid skal styrkjast, inkludert tiltak for born og unge.
- **Barnevernreforma** – Skal sikre betre samarbeid mellom ulike tenester for å hjelpe born og familiar tidlegare.
- **Psykisk helsearbeid barn og unge** – Nasjonal rettleiar med fokus på barn og unge sin psykiske helse, og korleis kommunen skal arbeide for å forebygge og for å ha gode hjelpetiltak ved behov.
- **Handlingsplanar mot vald og overgrep** – Skal styrkje kommunen sitt arbeid med vern av born.
- **CRPD - FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne.**

Kommunale planar og styringsdokument

I Osterøy kommune er det fleire planar som seier noko om korleis ein skal arbeide for å gje gode tenester til barn og unge. På kommunalt nivå er det planar som omfattar fleire tenester og har eit overordna perspektiv.

Kommunalt nivå – på tvers av tenester:

Under viser ei oversikt over sentrale kommunale planar. For å vise samanheng til arbeidet med identifikasjon og oppfølging av utsette barn er det henta sitat frå dei ulike planane. På kommunalt nivå har planane eit overordna perspektiv. Her ser ein at kommunen som heilheit skal fremma tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og gode oppvekstmiljø. Dette sett ei forpliktande retning for arbeidet til dei enkelte tenestene i kommunen.

Samfunnsplan 2021-2031: «Styrke og vidareføre arbeidet med førebygging og tverrfagleg samarbeid i kommunen, slik at barn og unge får tidlegare hjelp. Dette arbeidet krev samarbeid på tvers av tenester, sektorar, samt næringsliv og frivillig sektor»

Økonomiplan 2025-2028 «Det er eit mål at barn og unge skal kjenne seg inkluderte i trygge og gode oppvekstvilkår. For å få dette til, må innsatsen koordinerast i heim, barnehage, skule og fritid. Dei ulike tenestene i oppvekst må arbeide systematisk med tidleg innsats som er målretta ut frå barnet sine behov.»

Trygg oppvekst og tidleg innsats på Osterøy 2025-2028 (førebyggande plan) «Planen skal hjelpe oss i arbeidet med å bli bevisst utfordringsbilete til kommunen og kva vil skal fokusere på i framtida når det kjem til førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar, og tidleg innsats for utsette barn og unge»

Temaplan for psykisk helse og rus 2025-2029 (Under arbeid) Mål: «Barn og unge opplever eit trygt og godt oppvekstmiljø» «Tenestene rundt barnet samarbeider godt, både på system- og individnivå» Strategi: Kompetente fagmiljø som samarbeider, også på tvers av sektorar»

Kommuneplan for oppvekst 2019-2023 (forlenga ut 2030) «Mål: Leggja til rette for utvikling av god psykisk og fysisk helse hjå alle born og unge i Osterøy kommune.» «Strategiar og tiltak: «auka tilgjenge på hjelpetilbod kompetanse på å fanga opp og hjelpe born, ungdom og unge vaksne med hjelpebehov»

Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial (2013-2022) «Hovudmål: Osterøy kommune skal gjennom planperioden levera gode og samordna tenester innan helse-, omsorg og sosial til innbyggjarane i kommunen.» Undermål «Tenestene skal vere individuelt tilpassa og heilskapleg. Brukarmedverknad skal sikrast.»

Tenestenivå – planar for dei enkelte tenestene

- **Osterøy på sitt beste** – Eit styringsdokument for sektoren oppvekst, undervisning og kultur. Dokumentet skal gje retning til utviklingsarbeidet i sektoren, og sørge for eit felles kunnskapsgrunnlag.

- **Kvalitetsutviklingsplan for Osterøyskulen 2025-2026**
- **Kvalitetsutviklingsplan for barnehagane 2023-2026**
- **Kvalitet- og kompetanseutviklingsplan for familiens hus 2025-2029**
- **Strategisk kompetanseplan for helse, omsorg og sosial 2019-2025**

Samhandling på tvers av tenester

Ein viktig faktor i arbeidet for systematisk og kunnskapsbasert identifikasjon og oppfølging er godt kjennskap og samarbeid mellom tenestene i kommunen.

For å legge til rette for god kjennskap mellom tenestene er det fleire ulike faste treffpunkt gjennom året. For å gjere informasjon tilgjengeleg for alle tilsette og innbyggjarar har ein også samla informasjon om ulike tenester og tiltak. Målet er at det skal vere lettare å gje god og treffsikker oppfølging til gravide, barn og unge. Denne tiltaksoversikta finn du her:

[Tiltaksoversikt - Osterøy kommune](#)

Tverrfaglege møtearenaer:

- Leiersamlingar
 - Leiargruppe Rådman
 - Leiargruppe helse
 - Leiargruppe oppvekst
 - Utvida leiargruppe
- **Tverrfaglege samarbeidsarenaer:**
 - Los inntaksteam
 - Tverrfagleg utviklingsteam
 - Konsultasjonsteam for vald og overgrep

Du finn meir informasjon om dei tverrfaglege samarbeidsarenaene her: [Tverrfagleg samarbeid – Osterøy – BTI](#)

Medverknad

Brukarmedverknad dreier seg om at innbyggjarane i kommunen skal ha moglegheit til å påverke avgjersleprosessar og utforminga av tenestetilbodet. For barn og unge er barnekonvensjonen tydeleg på at barn og unge har rett på å bli høyrd i alle saker som er relevant for dei.

På kommunalt nivå er ein opptatt av brukarmedverknad i planleggingsprosessar av tiltak og tenester.

Medverknad på kommunenivå:

- Elevane sitt heradsstyre

- Ungdomsrådet
- Levekårsutval
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Høyringar

Rutine og verktøy

Avviks- og kvalitetssystem - På alle nivå av kommunen sitt arbeid er det viktig med system og rutine som fungerer godt. Dette bidrar til at tilsette som møter gravide, barn og unge har gode forutsetningar i arbeidet. Gode system er også viktig for evaluering av praksis, og fange opp og utbetre avvik. Me nyttar ein felles plattform til dette arbeidet. Her ligg det rutine, prosedyrar, informasjon for heile kommunen og risikoanalysar. Det er også her ein skriv avvik.

Internkontroll – Formålet med internkontroll er at tenestene arbeider systematisk med å sikre at dei oppfyller lovkrava til egen teneste, og har gode system og rutine i dette arbeidet.

Risikovurdering – Formålet med risikovurdering er å sikre at kommunen systematisk identifiserer og handterer forhold som kan føre til svikt i tenestene. Dette omfattar også vurderingar knytt til kvalitetssystem og journalsystem, for å ivareta tryggleik, personvern og lovpålagte krav.

Handlingsrettleiær – BTI

BTI-modellen – eit verktøy for felles språk og forståing

På systemnivå er formålet med BTI-modellen:

- Tilsette i kommunen får ein forståing av kva BTI er, og kan bruke BTI i det daglege arbeidet.
- Tilsette blir god på å utføre oppgåvene som ligg til dei ulike trinna i BTI-handlingsrettleiaren. Dette dreier seg om å vere oppmerksam på målgruppa, fange opp kven som treng ekstra hjelp/tiltak, vere i stand til å sette inn tiltak i egen teneste og vere trygg på når ein skal ta kontakt med andre tenester.

BTI-nettstad: Osterøy – BTI – Betre samarbeid for barn og unge i Osterøy kommune her er det samla informasjon som kan vere nyttig for alle som har ei bekymring eller uro for eit barn. BTI-handlingsrettleiaren beskriv korleis ein skal gå fram for å avklare og ta fatt i uro/bekymring. Det ligg også sider med informasjon om verktøy, tenester, tilbod, barn som pårørande og nyttige lenker. Alle tenester som møter gravide, barn og unge skal ha kjennskap til BTI-handlingsrettleiaren. Her finn ein ei rekke verktøy som kan vere til støtte i arbeidet. For å sikre god kjennskap til BTI-handlingsrettleiaren og verktøya blir det laga årshjul for BTI-arbeidet i kommunen.

Tenestenivå:

Medverknad

Brukarmedverknad handlar om at barn, unge og foreldre skal moglegheit til å komme med innspel og synspunkt i utforming av tenestetilbodet. Eit viktig prinsipp i barnekonvensjonen er at barn og unge skal få moglegheit til å gje uttrykk for synspunkt i saker som omhandlar dei, og at synspunkta skal leggest vekt på i høve til alder og modning. På tenestenivå skjer brukarmedverknad i møte med representantar for barn og ungdom.

På tenestenivå skjer medverknad gjennom:

- **SU - Samarbeidsutval** (Barnehage og skule) – Eit utval som består av foreldrerepresentantar, eigarrepresentantar og tilsettere representantar. Arbeider med saker som påverkar barnehage- og skulekvardagen.
- **FAU – Foreldrerådets arbeidsutval** (Barnehage og skule) – Består av foreldrerepresentantar frå barnehagen og skulen, og skal arbeide med saker som påverkar kvardagen.
- **Elevråd** (Skule) – Elevar arbeider med saker som er viktig for deira skulekvardag
- **Trivselssamtalar** (Barnehage) - Gruppesamtaler med 3-åringar og 5-åringar i barnehagen som utgangspunkt for dokumentasjon og planlegging av barnehagetilbodet.
- **Brukarundersøking** (Barnevernet) – anonym brukarundersøking der familiar kan gje tilbagemelding på tenesta.

Rutine og verktøy

Rutine, planar og årshjul for dei ulike tenestene blir oppretta og ligg tilgjengeleg i kvalitetssystemet. Det varierar korleis tenestene brukar kvalitetssystemet, då det er ulik måte å arbeide på for ulike tenester. Tenestene i helse og omsorg jobbar i liten grad etter årshjul, men er meir vedtaksstyrt. Medan tenester innafor oppvekst i større grad arbeidar etter eit årshjul med fristar. Dette heng også saman med at for nokon tenester er det ein tydeleg overgang mellom kvart skule/barnehage-år, medan dette påverkar helse- og sosialtenester i mindre grad. Det er også faste møtepunkt mellom skuleleiarane, barnehageleiarane og leiarane på familiens hus. Dette bidrar til felles fokus på utvikling i tråd med kommunale satsingar.

Verktøy for evaluering og utvikling av tenestene - For at tenestene i kommunen skal utvikle seg for å vere i stand til å møte behovet i kommunen på best mogleg måte, er det viktig å ha kjennskap til utfordringar og problemområde. Her hentar kommunen informasjon gjennom ulike undersøkingar og kartleggingar. Resultata blir nytta i arbeidet med utvikling, planlegging og evaluering av kommunen sitt arbeid.

- **Ungdata-undersøkinga** – Spørjeundersøking for skuleelevar på ungdomstrinnet og vidaregåandetrinnet.
- **Foreldreundersøking** (BHG) – skjer kvart partalsår.
- **Folkehelseprofil og oppvekstprofil**
- **Kommunen si folkehelsemelding**
- **Barnefattigdom kommunemonitor**
- **Elevundersøkinga**
- **Tilstandsrapport for barnevern**

BTI-modellen som verktøy:

På systemnivå er formålet med BTI-modellen:

- Tilsette i kommunen får ein forståing av kva BTI er, og kan bruke BTI i det daglege arbeidet.
- Tilsette blir god på å utføre oppgåvene som ligg til dei ulike trinna i BTI-handlingsrettelearen. Dette dreier seg om å vere oppmerksam på målgruppa, fange opp kven som treng ekstra hjelp/tiltak, vere i stand til å sette inn tiltak i egen teneste og vere trygg på når ein skal ta kontakt med andre tenester.

BTI-nettstad: Osterøy – BTI – Betre samarbeid for barn og unge i Osterøy kommune her er det samla informasjon som kan vere nyttig for alle som har ei bekymring eller uro for eit barn. BTI-handlingsrettelearen beskriv korleis ein skal gå fram for å avklare og ta fatt i uro/bekymring. Det ligg også sider med informasjon om verktøy, tenester, tilbod, barn som pårørande og nyttige lenker. Alle tenester som møter gravide, barn og unge skal ha kjennskap til BTI-handlingsrettelearen. Her finn ein ei rekke verktøy som kan vere til støtte i arbeidet. For å sikre god kjennskap til BTI-handlingsrettelearen og verktøya blir det laga årshjul for BTI-arbeidet i kommunen.

Individnivå

Rutine og verktøy

BTI-modellen: BTI-handlingsrettleiaren beskriv korleis ein skal gå fram for å avklare og ta fatt i uro/bekymring. På BTI-nettstaden ligg det også sider med informasjon om verktøy, tenester, tilbod, barn som pårørande og nyttige lenker. Denne informasjonen er meint til tilsette, privatpersonar og barn/unge.

Stafettlogg: Ei digital samhandlingsteneste som blir brukt som loggbok i BTI-arbeidet, dersom det er samtykke til det frå foreldre/barnet sjølv. Meir informasjon om dette finn du her: [Stafettlogg – Osterøy – BTI](#)

Tiltaksversikt: [Tiltaksversikt - Osterøy kommune](#) her ligg det informasjon om tenester i kommunen som tilbyr tiltak for gravide, barn og unge. Det ligg også oversikt over kva tiltak kommunen tilbyr.

Medverknad

På individnivå handlar medverknad om korleis gravide, barn og unge får medverke i saker som gjeldt seg sjølv. Dette er ein rettighet etter barnekonvensjonen artikkel 12, og alle tenester som møter barn og unge må legge til rette for reell medverknad.

Medverknad på individnivå skjer blant anna gjennom:

- Elevsamtalar og utviklingssamtalar (Skule)
- Barnesamtalar og foreldresamtalar (BHG)
- Skulehelsetenesta og helsestasjon har fokus på medverknad i sitt arbeid med barn og unge.
- PPT har rutine på at barnet/eleven får moglegheit til å komme med sitt synspunkt i arbeide med sakkunnig vurdering.
- Barnevernet har rutine for å gje barnet/ungdommen moglegheit for å komme med sitt synspunkt i barnevernsarbeidet.
- Barnets synspunkt skal komme tydeleg fram i alle vedtak kommunen gjer der barn og unge er berørt. Dette blir brukt som grunnlag i barnas beste vurdering.